



BONDE ELLER KONE

Bondekvinna i 1996

INGEBORG NÆRLAND SKJÆRPE

I høve markeringa av Rogaland Bondekvinnelag sitt 50 års jubileum på Jærmuseet vart det planlagt ei utstilling som skulle visa kva ei bondekvinna på Jæren er i dag. Ei av dei fire gruppene med representantar frå lokallaga og museet fekk ansvar for dette. Her var Brit Irene Kvåia frå Varhaug bondekvinnelag, Eva Anksdal frå Vigrestad bondekvinnelag, Grethe Bore og Irene Skadsheim frå Bore bondekvinnelag, Berit Braut frå Klepp bondekvinnelag, Målfrid Grimstvedt og Ingeborg Nærland Skjærpe frå Jærmuseet med.

Det var vanskeleg å samla trådane i byrjinga. Me hadde i utgangspunktet ikkje noko klart svar på kva ei typisk bondekvinna er i dag. Det vart diskutert fram og tilbake, og me fann ut at alle i gruppa hadde heilt ulike bondekvinnerollar. Me prøvde å skildra andre kjende, og vart meir og meir forvirra. Mange er aktivt med både ute og inne med ulike arbeidsope-

Lillian Sande, Randaberg, tørkar av kua og gjer klar til mjølking.

rasjonar. Andre har arbeid utanom, og er lite med i gardsdrifta. Og nokre har berre ansvar for hus og familie. Det finst og bondekoner som er med ute, inne og i tillegg har jobb utanom. Det er eit utal av variasjonar innafor desse eksempla. Korleis skulle me greia å presentera dette?

Dagbøker

Me vart enige om at me trøg noko handfast, skriftleg materiale å ta utgangspunkt i, og valde å be nokon om å skriva dagbok i ei veke. Dette var på ettervinteren, i februar, då det vanlegvis ikkje er så travelt på garden. Det var lettare for folk å ta seg tid til å skriva, samtidig som det vart lagt vekt på dei daglege gjeremåla. Elleve dagbøker vart leverte. Alle dei deltagande lokallaga er her representerte. Og me prøvde å få med kvinner med ulike roller på garden.

Det er veldig stor skilnad på kor mykje den enkelte har gjort utav det. Frå det enklaste: «*Gjekk i fjoset, vaska klær, laga middag og gjekk på besøk om kvelden.*» Til dei som har skildra arbeidsoperasjonane og

arbeidsdelinga grundigare. I kvinnene sin kvardag er det viktig å få fram alt som vert gjort «innimellan».


«Hadde 6 telefonar frå kl. 12.00 til 12.30. Reiste til Sandnes for å ordna forskjellige ting til bondekvinnelaget, var på felleskjøpet og handla noko til fjoset, var innom og fekk meir lakk og maling, kom heim kl. 17.00, skifta klær, såg over leksene til dottera, reiste ned til samfunnshuset for å ordne til medlemsmøtet kl 19.00, var der til kl. 24.00, kom heim, la saman ein maskin med klær, sette på ein ny, sette i oppvaskmaskinen, gjekk og la meg ca. kl. 00.30.

Kvinnene gjer så mange ting utan å tenkja over det. Uavhengig av kva anna arbeid dei har, så har dei aldri heilt fri heime. Alle rom i huset vert oppfatta som arbeidsplassen deira. Ein mann kan koma inn når arbeidsdagen hans er ferdig ute, og lettare setja seg rett ned og slappa av. Kvinnene må rydda opp, og ordna forskjellig før dei kjenner seg ferdige til å slappa av. – Eller dei set seg ned med därleg samvit fordi dei veit at her er mykje ugjort.

Kom heim frå møte kl. 22.15. Fekk rydda litt inne og på kjøkken. Fekk og leggja saman ein heil del klær som var vaska i løpet av dagen.»

Det var interessant å sjå korleis enkelte ting gjekk igjen hjå dei fleste, som lang arbeidsdag – tidleg opp og seint i seng. Sjølv om dette var på ei roleg tid av året. Mest heilt utan unntak er bondekonene aleine om husarbeidet. Mange viser og stort engasjement i frivillig lag- og foreningsarbeid.

Ein tankevekkjar var at fleire fekk plager som hovudverk og migrrene i løpet av den veka dei skreiv. Det er eit litt snevert grunnlag å seia noko om den tendensen på. Det kan ha samanheng med influensatider eller liknande. Men dette er ei side med bon-



Berit Braut, Klepp, får her hjelp av dottera.

dekvina sitt liv som kanskje skulle vore undersøkt meir. Lever ho eit spesielt stressande, travelt liv med ekstra mange krav og forventingar ho skal leva opp til?

«Kyrne var utolemodige, men det gjekk bra heilt til eg hadde mjølka 6 av dei 15 som mjølkar. Eg fekk ei oppkastri. Hovudverken hadde gått over til migrene. Men ingen kunne ta over stellet, så eg måtte stå på. La meg sei det på den måten at eg gjorde berre det eg måtte før eg gjekk inn og la meg på sofaen.»


Kvinnene er nøydd til å vera veldig fleksible. Difor oppfattar dei seg ofte som medhjelparar og ikkje som ansvarlege for produksjonen. Dei kombinerer fjøsstell og gardsdrift med arbeid utanom, barnepass og anna omsorgsarbeid. Då passar det best å ta seg arbeidsoppgåver som lett kan avbrytast, eller som ikkje er så langvarige. Det er vanskeleg å seia noko om kor lang tid som vert brukt på gardsarbeid. Ofte spring dei ut og inn slik at gardsarbeidet vert svært oppdelt.

«Som aktiv bonde vert ein rask til å skifta klær og ta av og på kjeledressen.»

Det vert vurdert ulikt om mannen må sleppa det han har i hendene, eller om kona må gå i frå det ho held på med. *«Det er utruleg kva ein mann kan få gjort viss han har ei god kone!»* (jærsk uttrykk). Kjønnsarbeidsdelinga vert oppfatta som funksjonell fordi den lettar organiseringa av arbeidet. Ein er nøydd til å ha avgrensa ansvarsområde for å sleppa å gå oppi kvarandre.

«Eg køyrer ikkje traktor. Det har aldri vore behov for det, med to søner, mann og svigerfar...»


Kvinnene føler stort sett at dei vert positivt vurderte i nærmiljøet om dei utfører maskinarbeid. Men kan føla at dei heller skulle teke seg av ungane. I allfall bør dei greia begge delar samtidig. Det er lettare å ta med seg ungane på manuelle arbeidsoppgåver. Fritidsaktivitetar for ungane er ikkje alltid så enkelt å kombinera med fjøsstell:



Lillian Sande, Randaberg, skal i fjoset.

«Det er alltid i fjostida ting skjer. Det krev litt planlegging. Ein må køyra og henta og den andre ta fjoset.»

Det er stort sett faktastoff og ikkje så mykje følel-



Utstillinga er opna og publikum er på plass.

sar og meininger som kjem fram i desse dagbøkene. Men litt, både positivt og negativt, vert ytra om bondeyrket:

«Det er herleg å vera ute å arbeida og få frisk luft.»

«Det skal vera godt når ein av ungane kan overta heile lorten, eg er snart leie heile garden. Aldri fri ansvaret same kor i verda ein er.»

«Eg har i dag eit arbeid eg trives med, men det er som i alle andre yrke – eg går trøytt og lei. Å vera bonde er ansvar og krav. Ein har ansvar for dyr og alt som føregår på garden. Ein har ansvar for å ta vare på det som generasjonar føre har bygd opp osb. Av krav er det mange, først og fremst krav til meg sjølv. – Og det er kanskje eg som stiller dei strengare

ste krava. Så er det krav om effektivitet og kvalitet – og krav om ansvar. Eg føler mange gonger at det å ha ansvar og det å innfri krava er det tyngste med å vera bonde.

Og når dagen ikkje endar positivt, er det dei negative krava og det negative ansvaret som kjem fram. Det er slike gonger eg tenker på om valet var rektig når eg valde å vera bonde. Eg forstår då og godt dei som ikkje nyttar seg av odelseretten til å overta gard. Den dagen det på ny skal vera eigarskifte hjå oss, har eg all forståing om eldstemann takkar nei. Ved å overta gard så kjøper du deg eit arbeid med «ubekvem « arbeidstid – for lang tid – for livet!»

Fotografering

Eldbjørg Fossgard gjorde grundige undersøkjingar til boka: «Frå lagnad til val». Ut frå desse har ho delt bondekvinne inn i tre grupper etter kva rolle dei har:

1. *Gardshusmora* har ingen daglege oppgåver i gardsdrifta, men kan trekkjast inn ved behov. Ho har ansvar for huset, pass av barn og/eller eldre. Ho kan ha arbeid utanom, kanhende er det ikkje bruk for arbeidskrafta hennar i drifta på garden.

2. *Tradisjonelle kvinnebønder* er med dagleg i arbeidet på garden, men innanfor ei klart kjønnsbestemt arbeidsdeling. Det vil seia at dei stort sett utfører manuelle arbeidsoperasjonar som føring av kalvar, måking, steinhenting, potethenting og jamning i siloen.

3. *Moderne kvinnebønder* bryt med det tradisjonelle kjønnsdelingsmønsteret. Dei driv garden aleine eller

i saman med ektefelle, og utfører i større grad maskinnelle arbeidsoppgåver som til dømes traktorkøyring med ulike reiskap og siloheising.

Denne grove inndelinga hennar vart nytta i dokumentasjonsarbeidet for å hjelpe oss å sortera og gruppere dei ulike bondekvinne. Og for å få eit utgangspunkt til utstillinga me skulle laga.

Ut frå dagbøkene valde me sju eksempel som me fann representative for desse tre gruppene. Her ville me fotografera for å dokumentera dei ulike arbeidsoppgåvene.

Gruppe 1: Eva Aniksdal og Grethe Bore

Gruppe 2: Tone Gjesdal, Astri Haaland og Lillian Sande

Gruppe 3: Brit Irene Kvæ og Berit Braut.

Hjå dei fleste av desse fotograferte eg. Grethe engasjerte svigerinna si, Ingebjørg Bore, til å fotografera seg. Eva ordna fotograferinga sjølv med hjelp av familien.

I tillegg har dei fleste supplert med foto etterkvart som me har sett situasjonar som mangla dokumentasjon, og som me ville ha med i utstillinga.

Før me gjekk igang, vart det laga lister over det me ville fotografera på kvar plass. I dagbøkene var ikkje alltid arbeidsoppgåvene så godt skildra. Så me laga ein meir fullstendig oversikt over dei ulike arbeidsoperasjonane som vert utførte gjennom ein dag, med både utearbeid, fjøsstell, innearbeid, arbeid utanom heimen, hobby og fritidsaktivitetar. Me prøvde å fordele emna for ikkje å fotografera det same kvar stad.

Utstillinga

Det var heilt frå starten av vedteke å laga ei utstilling av foto og tekst oppe på hemsen som skulle gje eit

bilete av bondekvinna i 1996. Då me følte emnet veldig sprikande i byrjinga, vart det grubla mykje på kva som kunne binda utstillinga saman. Ideen kom då til å bruka mjølkeanlegg som ei rame rundt det heile. Me nytta kutavler til overskriftene, og plater under dette til tekst og fotomontasjer. Alfa Laval stilte vilig opp, og monterte eit topp moderne mjølkeanlegg med pumpe, organ og ellers alt som måtte til for demonstrasjon. Endåtil «jur» fekk me låna.

Ku skaffa Berit Braut. Den hadde bak seg ein tidlegare karriere i EU-kampen. Med gummijuret festa under magen på denne, var det klar for mjølking! I tillegg til foto og tekst brukte me og ein del gjengstandar; reiskap og utstyr, for å gjera utstillinga meir levande.

Utstillinga var delt i fleire emne:

INNLEIING

Kort historikk om utviklinga av gardsdrifta på Jæren og korleis rolla til bondekona har endra seg i takt med denne. Før hadde bondekonene heilt klart definerte oppgåver og ansvarsområde. I dag har dei fått mange nye forventingar og krav å leva opp til i tillegg.

Innearbeid

Dette emnet er likt for alle tre gruppene av bondekinner. Dei er ansvarlege for alt som har med husarbeid, omvøling, klesvask og matlaging å gjera. På ein gard vert det ofte meir enn gjennomsnittet av alt dette. Huset vert skitnare fordi her er meir folk som går inn og ut i løpet av dagen. Det er meir skitne klær og fleire folk i maten. Mange bondekonner prøver å halda på tradisjonar innan matlaging med heime-

bakst, sylting, safting og tilbereding av kjøtmat. Men dei fleste må av og til ty til lettvint ferdigmat i ein travel kvardag.

Utearbied

Her finn ein den største skilnaden mellom gruppene. Det er berre dei i gruppe tre som utfører fleire maskinelle oppgåver, kører traktor med ulike reiskap, forhaustar osb.

I gruppe to er det vanlegare å delta meir i fjøsstellet i travle periodar slik at anna arbeidskraft kan frigjerast til traktorkøring. Dei er og med på steinhenting, silojamning, planting og opptak av grønsaker og liknande manuelt arbeid. Vedlikehald og orden rundt hus og hage er ofte kvinner i alle tre grupper ansvarlege for.

Fjøsstell

Mjølking er nok den maskinelle arbeidsoppgåva som flest bondekinner utfører. Sjølv om mennene overtok mykje av dette arbeidet då mjølkemaskinen kom, er det få av dei aktive bondekinnene som syter med dette. Siloheising er det verre med. Mange gjev uttrykk for at dei ikkje likar det, men gjer det viss dei må. Dei grunnar det oftast med høgda. Dei likar ikkje å klatra ned når det er djupt.


Ofte får kvinnene omsorgsrolle i fjøsstellet og. Dei tek seg av foring av kalvar, rydding, soping og reingjering av uthusa. Er det dyr som treng ekstra pleie, fell det ofte på kvinnene.

Økonomi og drift

Her har kvinnene heldigvis kome meir med. Ved store innkjøp og i andre viktige saker er det nå van-



Steinhenting hjå Tone Gjesdal, Gjesdal. Foto frå Tone Gjesdal. *Jærmuseet.



Astri Haaland fører kalvane og tek seg tid til litt kos med det same.

legare at både kone og mann er med i diskusjon og avgjerd. Dette har rekneskapslag og landbrukskontor og vore med å oppfordra til. – Men ikkje alle tykkjer det er greitt å «berre» snakka med kona. Spesielt gjeld dette for seljarar. Dei tek ikkje alltid eit svar for eit svar viss det er kona dei har snakka med. Mykje av bøndene si tid går med til utfylling av skjema, rekneskap, kontakt med landbrukskontor, rekneskapslag, bank og post. Slike ærend fell ofte på kvinna.

Familie og oppvekstvilkår

Det har vore ei vanleg oppfatting at det å veksa opp på landet er idyll. Til ein viss grad er det sant og. Ungane får kjennskap til dyr. Dei har betre plass, og lever nærmere naturen. Ofte bur det fleire generasjoner på garden slik at ungar, besteforeldre og oldeforeldre får anledning til å ha god kontakt.

– Men det er like sant at garden er ein farleg leikeplass. Her er store traktorar og maskinar, høge siloar, forluker, høgt arbeidspress og ekstra hektisk i onnene. I tillegg er det ofte store avstander og langt mellom leikekameratane. Det er ikkje sykkelstiar langs alle vegar, og trafikken gjer det ofte umogeleg å senda ungane ut på besøk. Slik har det vorte større og større behov for barnehageplassar for «gardaungar» og. Spesielt onnebarnehagar og deltidsplassar i andre barnehagar er ei god hjelpe for mange foreldre og ungar.

Attåtnæringer

Usikre tider i jordbruket har ført til at mange tenkjer alternativt når det gjeld å skaffa seg inntekter på gardane. Dette er ikkje nytt. Spesielt kvinnene har til alle tider vore oppfinnsame og skaffa seg ekstrainn-



Grete Bore, Bore, har deltidsstilling i butikken Kurant på Hanasenteret.

tekter. Det kan ha vore ved eggsalg, spøt, tupperware eller anna. No er det mykje snakk om turisme. Me skal tilby gardsturisme, ta imot gardsferieungar, laga gardsmat osb.

I utstillinga presenterte me Bente Årslund som driv med urter og blomar for tørking, Aud Kari Håland som leverer smørbrød og rundstykke, Kirstin Nærland som demonstrerer miljøvenlege vaskefiller og to familiær som tek imot gardsferieungar, for å visa nokre eksempel på dette.

Bakgrunn, utdanning og arbeid utanom

Det er stadig fleire jenter som tek jordbruksutdanning. Det vert og arrangert ulike kurs spesielt for kvinner som t.d. traktorkøyring, forhausting, mjølking, økonomi og data. Det er og vanlegare at kona på garden går ut i anna arbeid for å hjelpe på økonomien eller for å halda vedlike eit yrke ho er utdanna til. Det er mange bondekvinner som har deltidsstillingar innan helse, skule eller butikk. Før var det mannen som tok seg arbeid, og kona som gjekk heime med alt både ute og inne.

Ferie og fritid


«Ein vanleg arbeidar har fri medan ein bonde må ta seg fri».

Det er enklare for bøndene nå å få seg ferie og ordna fritid etter at ein fekk avløysarordninga. Nå kan endåtil bøndene reisa til syden. Men det er ikkje alltid lett å reisa frå alt ansvar heime. Det avheng i stor grad av om avløysaren er dyktig og til å stola på.

Bøndene har vanlegvis ein mykje lengre arbeidsdag enn andre. Dei er eigentleg på vakt døgnet rundt. Alt må fylgjast nøye med, spesielt i periodar med kalving, lemming og grising. Det er difor ekstra viktig å få avløsing og kunna ta seg fri av og til. Det er ofte kona som «pusjar» på for at familien skal koma seg ut på ferie og turar.

TEMAUTSTILLINGANE

I ei krå ved resepsjonen laga me ei lita utstilling som vart skifta etter temadagane på garden. Her vart bryllaup, barsel, dåp, gravferd og konfirmasjon markert ved kort å trekkja linene frå 1946 til 1996. Det viste



Siri Kvæ Underhaug, er avløysar på garden heime.

litt av kva som har endra seg og kva tradisjonar som fortsatt lever.

23. Juni: Bryllaup

Det har utvikla seg mange ulike former for bryllaupsfeiring dei siste åra. Men på Jæren er det enno vanlegast med vigsle i kyrkja og fest etterpå med middag og underhaldning for slekt og vene i eit leigd lokale. Me brukte ein artikkel frå Dagbladet om brillaup,



Til opninga kom leiaren i Norges Bondekvinnelag: Liv Skogset Verdal. Ho fekk orientering om utstillinga.

utstyr og kostnader. Liselotte på Bryne lånte oss brudekjole, og Klepp Blomster laga bukett til utstillinga. Me hadde og bilet frå bryllupsfeiring på Bore samfunnshus.

4. august: Barsel

Det som er mest forskjellig frå 1946, er at idag skjer dei aller fleste fødslane på sjukehus. Me fekk låna foto hjå Monica Nærland. Dei viste fødsel, moderne utstyr, faren som er aktivt med i barnestellet og besøk

av søsken og besteforeldre. «Sengjamat-namnet» er fortsatt i bruk. Men nå kjem ikkje gjestene med mat, men med andre gåver. Oppvartinga er det den nybakte mora sjølv som må stå for.

I tillegg til foto og tekst laga me ein moderne stelleplass med klær og utstyr utlånt frå Sørbø, Kurrant og Klepp handelslag.

11. August: Barnedåp

Her fekk me og låna foto hjå Monica Nærland. Dei hadde tradisjonell barnedåp med middag for fadrar og familie. Dåpsbarnet vart oppkalla etter farmora, og kjolen går i arv i familien. Me stilte ut tre dåpskjolar av ulik alder og eit bord med typiske dåpsgåver. Me hadde og med litt om eit alternativ til dåp: Barnesigning, som vert brukt i enkelte kyrkjelydar.

15. September: Gravferd

I det høvet er det ikkje lenger så mykje som skjer i heimen. Oftast vert det meste ordna av eit gravferdsbyrå. På gardane er det fortsatt levande tradisjonar for kven som må gå i gravferd, og kven som må gje krans. Det har og dei seinare åra vorte vanlegare å ynskja ei gave til kreftsaka, luftambulansen, eller misjonen i staden for blomar. Det minkar på dei store samlingane etterpå. Det er vanlegare at berre den nærmaste familien samlast.

29. September: Konfirmasjon

Marie, dotter til Eva Aniksdal vart konfirmert våren 1996. Eva samla materiell, fylgte heile førebuingane, seremonien og festen heime med fotoapparat.

Me kan sjå at det vert lagt meir vekt på det sosiale samveret i førebuingane nå enn før. Det har og vorte

mest ein regel utan unntak at jentene får bunad til konfirmasjonen -sjeldnare gutane.

Me hadde og litt informasjon om borgarleg konfirmasjon.

Utstillinga opna 23. juni 1996 samtidig med brulaupsfeiringa, og stod fram til 7. oktober då ho måtte ryddast vekk for å gje plass for bondelaget si jubileumsutstilling.

Jærmuseet er takksam for at så mange av dagens bondekvinner ville stilla opp til dette arbeidet – både som «fotomodellar» og dagbokskrivarar. Ikkje minst er me glade for innsatsen til dei som var med i arbeidsgruppa. Dei la ned eit uttal arbeidstimar i samband med prosjektet, slik at me i dag sit att med ei utstilling som er gjennomført, og eit samtidsmateriale som har verdi for ettertida.